



Book Reviews

Andreas Åkerlund

Public Diplomacy and Academic Mobility in Sweden. The Swedish Institute and Scholarship Programs for Foreign Academics, 1938–2010.

Nordic Academic Press
2016. 245 pp.

Public Diplomacy and Academic Mobility in Sweden. The Swedish Institute and Scholarship Programs for Foreign Academics, 1938–2010 handlar om dei svenske programma for akademisk mobilitet i perioden 1938–2010. Akademisk mobilitet omfattar her ulike program for utveksling av både studentar og akademikarar ("scholars"). Den empiriske analysen er avgrensa til å kartleggja utlendingar som fekk finansiering ("scholarship") for eit lengre studie- eller forskingsopphald i Sverige i den aktuelle perioden, anten via bilaterale eller multilaterale ordningar.

Materialet som ligg til grunn for analysen opnar for å studera slik mobilitet over det som må karakteriserast som eit relativt langt tidsspenn. På denne måten får boka fram ulike variasjonar som akademikarmobiliteten gjennomgjekk over tid. Dette gjeld for det første omfanget av student- og akademikarutvekslinga. Her gjekk utviklinga frå eit særst lite omfang i slutten av 1930-åra, via ein gradvis vekst i etterkrigstida, til ein kraftig vekst frå om lag 1970. Denne kulminerte kring 1990 for så å verta følgt av ein ny kraftig vekst i 1990-åra og ein brå nedgang i perioden etterpå.

Parallelt med endringane i omfanget var det òg endringar i kva fagfelt utveks-

linga føregjekk innanfor og kva opphavsland dei ulike akademikarane hadde. Når det gjeld det siste, gjekk utviklinga frå eit stort innslag frå andre nordiske land i byrjinga til eit større innslag av andre europeiske land i etterkrigstida. Den store auken i 1970-åra skreiv seg frå eit stort innslag av akademikarmobilitet frå den tredje verda. Auken i 1990-åra kom på bakgrunn av Sovjetunionen sitt fall, med etterfølgjande stor akademikarmobilitet frå Aust-Europa.

Bak denne utviklinga var det på same vis endringar i måten utvekslingane vart finansierte på. I periodar var dei bilaterale og multilaterale innslaga store, medan det reint svenske innslaget var stort i andre periodar. Det var på same vis endringar i talet på menn og kvinner som var på utveksling.

Framstillinga støttar seg på eit omfattande empirisk materiale, og funna som kjem fram i dei ulike numeriske oversiktane vil det føra for langt å gjera greie for her. Hovudærendet til Andreas Åkerlund er likevel å få fram at akademikarmobiliteten i heile perioden har vore eit viktig innslag i svensk utanrikspolitikk. Akademikarmobilitet er del av det som i faglitteraturen vert kalla *Public Diplomacy*. Termen er ikkje enkel å omsetta til skandinaviske språk. Men *Public Diplomacy* viser altså til den kontakten eller dei relasjonane som utspiler seg mellom menneske frå ulike land og som ikkje er del av det institusjonaliserte diplomatiet. Relasjonane innanfor alle delar av sivilsamfunnet er viktige i så måte, og utveksling av akademikarar er eit heilt sentralt innslag. Føremåla er i så måte òg fleire: Det handlar både om

å byggja relasjonar og forståing mellom menneske, om kunnskapsoverføring og å byggja opp positive bilde sitt eige land i omverda. Eit viktig side ved *Public Diplomacy* er rett og slett å utøva mjuk makt, eller *Soft Power*.

Slik sett er akademikarutvekslinga nært knytt til utanrikspolitiske mål. Ein sentral aktør i Sverige har vore Svenska Institutet, som har hatt som hovudføremål å byggja eit positivt bilde av Sverige i omverda. Som Åkerlund sin studie viser, har det svenske utanriksdepartementet òg vore ein viktig finansiell bidragsytar til utvekslingsprogramma i heile perioden, og det i større grad enn utdanningsdepartementet har vore. Karakteristisk i så måte er òg at verksemda i sterkare og sterkare grad institusjonelt sett har vore knytt til *staten*.

Den utviklinga som Åkerlund påviser i akademikarmobiliteten frå 1938 fram til 2010 let seg slik greitt lesa opp mot dei sentrale måla for svensk utanrikspolitikk i same perioden. I den første perioden av den kalde krigen handla det om Sverige som brubbyggjar mellom aust og vest. Frå 1970-åra vart Sverige ein stor ytar av bistand til landa i sør. I 1990-åra var det viktig å stabilisera og byggja gode relasjonar til statane i Aust-Europa.

Studien til Andreas Åkerlund får fram dette store biletet på ein framifrå og overtydande måte. Skal ein koma med nokre kritiske innvendingar, er det for det første at studien i for stor grad støttar seg på kvantitative data. Det har heilt klart vore eit omfattande arbeid å kartleggja omfanget av utvekslinga slik det er gjort. Men analysen hadde stått seg på å presentera utfyllande og utdjupande kvalitative eksempel. Dette ville truleg ha styrkja validiteten av dei funna som studien gjer ytterlegare.

For det andre ville ein del komparative refleksjonar ha gjort seg. Korleis

artar svensk akademikarmobilitet seg i eit enda større bilde? Her ligg det jo ei utfordring i sjølve den periodiseringa som framstillinga legg til grunn, ved at det vert operert med ein periode som strekkjer seg frå 1938 til 1970. Det vert kort vist til at det var lite mobilitet i krigsåra 1940–45, men at det var ein visst innslag av akademikarar frå aksemaktene. For ein norsk lesar er det her lett å innvenda at akademikarmobiliteten *ut* frå Noreg var særskilt stor desse åra. Denne skjedde anten i form av akademikarar som måtte rømma til Sverige eller vart sendte i tysk fangeskap etter at Universitetet i Oslo vart stengt i 1943. Eter krigen hadde svensk akademisk liv på same vis eit heilt anna utgangspunkt å starta ut frå enn nabolanda som hadde vore deltakarar i krigen. Dette hadde truleg òg verknadar for omfanget av svensk akademikarmobilitet jamført med andre land i den første etterkrigstida.

Trass i desse kritiske innvendingane må det slåast fast at Andreas Åkerlund har levert eit svært viktig i bidrag. Studien plasserer akademikarmobiliteten i den rette konteksten sin, nemleg som ein del av det utanrikspolitiske feltet. Djupast sett har dette òg verknadar for måten vi tenkjer om både utanrikspolitisk historie og utdanningshistorie på.

Svein Ivar Angell
Universitetet i Bergen
svein.angell@uib.no